# Musikk ut av skuffa

**MIDT I MUSIKKEN**
**Olga Neuwirth**
Klassisk/samtidskomponist m.m. frå Austerrike

## Ei av samtidsmusikkens største har verdspremiere på nytt verk i Trondheim denne veka.

**INTERVJU**
**Av Frida Fliflet**


**NEUWIRTH:** Frå Graz i Austerrike – og gjorde brakinntog i musikkverda som 22-åring. **FOTO: HARALD HOFFMAN**

**Du er først og fremst kjend som komponist, men er også professor ved Universitetet for musikk og scenekunst i Wien. Korleis får du tid til å komponera, reisa og opptre ved sida av?**
– Det er eigentleg umogleg, så eg blir litt uvel av det. Å komponera betyr å gå inn i ein heilt «fri» mental tilstand – om ein ikkje klarar det, greier ein ikkje lytta godt nok inni seg til å laga og førestilla seg musikk. Det er ein slitsam prosess, som er heilt utdatert i vår kjappe, fartsfylte tid.

**Ditt nye verk, «According to What: Double concerto for cello, percussion and orchestra», får verdspremiere på Trondheim Kammermusikkfestival. Kan du fortelja litt om verket?**
– Komposisjonen kan bli lest som eit slags inventar eller ei oversikt over det verkelege og det som er ein illusjon. Han er inspirert av det svære måleriet «According to What» av Jaspar Johns. Alle dei musikalske elementa og fragmenta utfoldar seg i ei kjede som heile tida lagar eit ustoppeleg trykk.

Det handlar mellom anna om den flytande, skiftande kroppen, som konstant dukkar opp i forskjellige formar, og forsvinn igjen.

> Musikk må bli framført, ikkje gøymt i ei skuffe.

**Du har også samarbeida lenge med eit anna kjend kunstnarnamn frå Austerrike – Nobelprisvinnar i litteratur Elfriede Jelinek?**
– Ja, me har jobba saman sidan eg var 16. Men samarbeidet vårt har heile tida blitt torpedert av *promotors* som har verka å vera veldig redde for to originale, kreative kvinner. For to år sidan skreiv ho tekst til DVD-utgivnaden av filmmusikken min som eg laga for stumfilmen «Stadt ohne Juden» («Byen utan jødar»).

**Ja, du har skrive soundtrack til fleire filmar. Kva er det du likar så godt med å komponera for film?**
– Eg har sjølv studert film for mange år sidan, og elskar dette mediet med «alle sine moglegheiter», som Jean-Luc Godard beskreiv det. Eg likar veldig godt å førestilla meg musikk til visuelle ting, og dermed bygga opp under bilda, historia eller stemninga.

**I 2019 hadde operaen «Orlando» premiere i Wien – din eigen versjon av Virginia Woolfs roman. Korleis var det å laga opera av ei så kjend bok?**
– Eg var den fyrste kvinna som nokosinne har mottatt eit offisielt oppdrag frå Operaen i Wien, og eg ville setta eit eksempel. Sidan eg var 15 år har «Orlando» vore favorittboka mi – det er ei så fantastisk, trist og morosam historie med eit utruleg rikt språk, som trigga svært mange idear.

Men mottakinga var uforståeleg for meg – ikkje publikum si mottaking, alle fem førestillingar var utselde – men det at Operaen ville ikkje setta opp fleire førestillingar. Alle plassane var reserverte for mine mannlege kollegaer og deira oppdrag.

Dessverre trur eg dette framleis visar dei konservative, kanskje til og med misogyne, strukturane innan klassisk (samtids-)musikk, spesielt i operahusa. For kor er kvinnelege komponistar, kor blir dei presenterte? Sjølv når verka deira er suksessrike? *Viss* dei får oppdrag av operahusa og verka blir sett opp, blir dei som oftast fysja vekk og inn i gløymselen fordi operaene aldri blir spelte på nytt. Det blir som om dei aldri har vore skrivne.

Musikk må bli framført, ikkje gøymt i ei skuffe. I operaverda – ikkje berre i Austerrike, men globalt – er me framleis langt unna kjønnsbalanse.

fridaf@klassekampen.no

**Trondheim Kammermusikkfestival går frå 18. til 25. september.**

# Strømkrisen har nådd musikklivet



**GJESTESPILL**
**Av Julie Forchhammer**
Skribent, partner i Klimakultur og fast spaltist i Musikkmagasinet

**«Hvor mange** kilowattimer (kWh) med strøm brukte du i august?» Jeg spurte deltakerne på en workshop med kulturbyråkrater om akkurat det i forrige uke. Det var ei som rakte opp hånden. Pluss meg. Hun var tysk, jeg er dansk. Vi er begge så godt som genetisk disponert for å la armen henge igjen og slå av lyset når vi forlater et rom. Vi tar ikke billig strøm for gitt, og ser på tingen til det som et privilegium – ikke en selvfølge. Men det siste året har strømkrisen begynt å ulme i Norge også.

Jeg vet ikke hvor mye strøm de brukte eller hvor den kom fra, den gangen under Newport Folk Festival i 1965 på Rhode Island nord for New York. Det var da Bob Dylan og bandet gikk elektrisk – og startet en strømkrise i det ortodokse folk-miljøet. Det ble sagt at han «electrified one half of his audience, and electrocuted the other».

**Strømkrisen vi opplever** nå, kommer ikke fra forargelse på lydnivå eller nye kunstneriske ambisjoner. Men den har store følger for musikklivet. Nå kommer vinteren, og vi må varme opp lokalene musikken spilles i. Og kjøle ned drikkevarene. Vi må betale strømregninger for øvingslokaler, musikkstudioer, kontorlokaler, spillesteder.


**STRØMSLUK:** Musikkbransjen. Her ved Aurora-konsert. **FOTO: HEIKO JUNGE/NTB**

Dette var et brennhett tema på brasjefestivalen Bylarm i helgen. Jeg hørte om en liten arrangør som har fått økt strømutgiftene fra 150.000 til 700.000 kroner i år. Livefeltet gikk rett fra pandemien og over i en ny hverdag med økte kostnader på både strøm og det meste annet. *Krisen kradser*, som vi sier på dansk: Krisen klør.

**Men strøm og energi** har vært et tema for festivalene i lang tid. Å kutte ut forurensende dieselaggregater og bruke faststrøm i stedet kan mer enn halvere klimaavtrykket til et arrangement. Festivaler fra sør til nord har lenge vært pådrivere for å få installert faststrøm. Selv om strømbruken ikke alltid skjer der man skulle tro: En matbod med fish & chips kan dra like mye strøm som en hovedscene (!).

Derimot er det ikke de midlertidige festivalene, men helårsarrangørene – kulturhus, teatre og andre kulturbygg – som må gjøre drastiske grep fremover. Vi må øke kunnskapen også blant oss kulturhuer på energieffektivisering, bygningsdrift, rehabilitering, etterisolering og alle de andre tingene som kan redusere strømforbruket vårt. Der har vi en lang vei å gå.

**I kunst- og kulturfeltet** er det keramikerne og glassblåserne som har det aller verst. «De er fucked», som en venninne sa til meg i går. De trenger ordentlig masse strøm for å fyre opp ovnene de bruker, og der er det ikke noen energiøkonomiske tiltak som kan lindre dem med det første.

Til slutt: Tilbake til strømforbruket i august. Jeg brukte selv 151 kWh. Men samtidig *solgte* jeg 698 kWh. Det var overskuddsstrømmen fra solpanelene mine på taket den måneden, som jeg solgte for spottpris tilbake til strømselskapet.

Jeg er heldig som verken er glassblåser eller helårsarrangør. *Winter is coming.*

musikk@klassekampen.no